

Vår dato: 30.04.2008  
Dykkar dato: 14.03.2008  
Vår ref: # 60435/1  
Dykkar ref:



Olje-og energidepartementet  
Att.:  
Postboks 8148  
0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08 / 225 - 84	
DATO 05 MAI 2008	
AN	EKSP.

## **FRÅSEGN TIL UTKAST TIL ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONS-LOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA**

Det vert vist til høyringsdokument dgs. 14.03.2008. Modellen med offentlig eigarskap er ein god og framtidretta måte å organisere kraftforsyninga i Norge på. Sogn og Fjordane Energi AS (SFE AS) har nokre synspunkt på framlegget til lovendring knytt til langsiktig disposisjonsrettar på kraft og bruksleigeavtalar.

### **1. Retten til å inngå langsiktige disposisjonsrettar må vidareførast for offentlege eigarar**

#### 1.1. Medeigarret i statlege utbyggingar (Leirdøla kraftverk).

I høyringsnotatet er det framlegg om å oppheve gjeldande § 5 i industrikonsesjonslova om konsesjon for bruksrett og langsiktig disposisjonsrett til vasskraftressursar. Samstundes går omgrepa bruksrett og langsiktig disposisjonsrett i §§ 1 og 2 ut. I høyringsnotatet heiter det mellom anna at det ikkje lenger vil vere adgang til å stifte og overdra langsiktige disposisjonsrettar. Forslaget skal ikkje ha betydning for tidlegare inngådde avtaler om langsiktig disposisjonsrett. Ser ein dette punktet i samanheng med endringar i § 1 (og 90-prosentregelen i § 39), ser det ut som om framlegget vil få enkelte uheldige og utilsikta verknader.

Problemstillingen er m.a. knytt til fylkeskommuner sin "medeigarrett" til ein del større statlege utbyggingar, jf St prp nr 157 (1981-82) og høyringsnotatet på side 53. SFE Produksjon AS (datterselskap av SFE AS) disponerer Sogn og Fjordane fylkeskommune si medeigarkraft i Leirdøla (35 %) utan tidsavgrensing.

Framlegget om forbod mot å stifte og overdra slike rettar, kombinert med den såkalla "90-prosent-regelen" som det er gjort framlegg om i § 39, vil i praksis seie at det er forbod mot erverv av meir enn 90 % av aksjane i SFE Produksjon AS. Dette vil kunne ramme omorganiseringar og omstrukturering og kan føre til store innelåsingeffekter. Dette kan ikkje vere tilsikta.

SFE tilrår at dette problemet vert løyst ved å gje heimel i industrikonsesjonslova kap. I til at offentlege aktører kan erverve rettar som nemt ovanfor. T.d. kan ein ta inn ein regel i ny § 5:

*"Enheter som nevnt i § 2 første ledd kan erverve langsiktige disposisjonsrettigheter til vannkraftressurser."*

#### **Sogn og Fjordane Energi AS**

Bukta, 6823 Sandane  
Telefon: 57 88 47 00 Heimeside: www.sfe.no  
Telefaks: 57 88 47 01 Org. nr.: 984 882 092  
Kundesenter: 57 88 47 47 Bankkonto: 5083 05 50507  
E-post: post@sfe.no

**SFE Nett AS**  
Org. nr.: 984 882 114  
Bankkonto 5083 05 50914  
Besøksadr. Hamregata 1, Florø

**SFE Produksjon AS**  
Org. nr.: 984 882 106  
Bankkonto 5083 05 50892

**SFE Naturgass AS**  
Org. nr.: 986 224 629  
Bankkonto 5083 05 50957

**SFE Kraft AS**  
Org. nr.: 984 882 076  
Bankkonto 5083 05 50531

*Kraftfull og nyskapande med lokale røter*

## 1.2. Avtale om langsiktig disposisjonsrett for konsesjonssøkte Østerbø og Randalen kraftverk.

SFE Produksjon AS har samarbeid med BKK Produksjon AS om eit kraftutbyggingsprosjekt i Høyanger kommune på sørsida av Sognefjorden – Østerbø og Randalen kraftverk. SFE Produksjon AS har 2/3 av fallrettane knytt til prosjektet (fritak frå konsesjonsplikt og forkjøpsrett, jf vedtak av 20. nov 2002 og 3. nov 2003) og har avtale med Høyanger kommune om å overta resterande rettar ved utbygging av kraftverka. Prosjektet er under konsesjonshandsaming, men konsesjonar er ikkje gitt.

SFE har inngått avtale med BKK om at BKK skal disponere ein andel av krafta i Østerbø og Randalen kraftverk (42 %) mot å dekke sin del av kostnaden. Avtalen har ikkje tidsavgrønsing. Bakgrunnen for denne måten å organisere samarbeidet på er i første rekkje ei praktisk handtering etter som SFE i utgangspunktet eig fallrettane. Men partane ser ikkje minst på dette som ein effektiv måte å organisere eit samarbeid på, med god bruk av SFE og BKK sine felles ressursar gjennom planlegging, utbygging og drift av kraftverka.

Lovforslaget kan ha som konsekvens at avtalen mellom SFE og BKK ikkje kan gjennomførast. Om avtalen skulle kunne la seg gjennomføre i første omgang, vil ein situasjon der den langsiktige disposisjonsretten ikkje kan omdisponerast i framtida, ha avgrønsingar både på SFE Produksjon AS og BKK sitt selskapsmessige handlingsrom.

SFE kan ikkje sjå gode grunnar til å innføre forbod mot å stifte langsiktige disposisjonsrettar for offentlege aktører. Som dømet med Østerbø og Randalen kraftverk viser, kan bruk av slike rettar i ein del samanhengar ha gode grunner for seg. SFE gjer med bakgrunn i dette framlegg om at adgangen til å stifte og overdra slike rettar vert vidareført for offentlege aktørar. Med avgrønsinga til offentlege aktørar sikrar ein at det ikkje vert åpna for disposisjonar som er i strid med føremålet med konsolideringsmodellen, jf framlegget til føremål i § 1 første ledd. Ein kan gjere denne endringa ved t.d. å ta inn ein ny regel i kap I, ny § 5, slik som nemnt under pkt 1 om medeigarrett ovanfor.

Om den langsiktige disposisjonsretten ikkje blir vidareført, kan ein kome i ein situasjon der departementet når konsesjonssaka skal handsamast, ikkje har heimel til å gje konsesjon for avtalen med BKK. Om adgangen til å gje langsiktig disposisjonsrett ikkje blir vidareført, må det difor leggest opp til overgangsordningar slik at inngåtte avtalar før lovendringstidspunktet kan konsesjonshandsamast, slik at ein ikkje kjem i den situasjonen.

## **2. Det må vere overgangsordningar for inngådde saker som ikkje er ferdig handsama**

Etter lovframlegget med oppheving av ikl §§ 4 og 5, skal det ikkje lenger kunne inngåast nye bruksleige kontraktar. Vidareføring av gamle avtalar skal ivaretakast gjennom ny § 4:

*"§ 4. Kongen godkjenner fornyelse av avtaler om leie av vannfall som allereie er bygget ut i henhold til tidligere meddelte bruksrettskonsesjon etter denne lov eller i henhold til tidligere inngåtte ukonsederte avtaler om leie av vannfall. (... ..)".*

Lovendringa skal ikkje ha konsekvensar for tidlegare inngådde leigeavtalar.

SFE vil peike på at gamle bruksleigecontrakter generelt ikkje vil vere heilt statiske. Ved reforhandling / fornying kan det kome til nye element, evt. også nye fallrettar som det er naturleg å sjå i samanheng med den gamle avtalen. Godkjenning av fornying av gamle avtaler etter forslaget til ny paragraf 4 i industrikonsesjonslova, bør vere så rommeleg at den godkjenner naturlege tillegg til gamle bruksleigecontrakter.

### 2.1. Bruksleigeavtale knytt til Bygdaelva, Stranda kommune.

Konkret har SFE Produksjon AS ei sak knytt til inngått bruksleigecontrakt på Frøysa i Bygdaelva, Stranda kommune, Møre og Romsdal. Situasjonen der er at Firdakraft AS, som er eit heileigd dotterselskap til SFE Produksjon AS, har inngått bruksleigeavtale om leige av fallrettane med vel halvparten av grunneigarane i 1998. Det vert arbeidd med å få til avtale med dei øvrige, men dette har så langt ikkje ført fram. Ein del av fallrettane ligg i sameige. Firdakraft AS har søkt om konsesjon for utbygging av tre småkraftverk i området og ekspropriasjonsløyve for dei rettane det ikkje er inngått contrakt for.

Her kan ein sjå føre seg ulike scenario ved konsesjonshandsaming, men i alle tilfelle vil det vere snakk om ein tidlegare underskriven bruksleigecontrakt, frå tida før eit evt lovendrings-tidspunkt, og supplerande avtalar som kan kome etter ei evt. lovendring. Dersom lovverket ikkje inneheld overgangsordningar, kan ein kome i ein situasjon der departementet etter lovendinga ikkje har heimel for å godkjenne bruksleigeavtaler i saker som ikkje er ferdig handsama. Vi reknar med at dette ikkje er tilsikta. SFE ber om at departementet vurderer presiseringar i lovteksten eller tek med fleksible overgangsreglar som sikrar at avtalar som er inngådde for bestemte fall før lovendringstidspunktet kan supplerast og godkjennast også etter lovendringstidspunktet.

Med helsing  
Sogn og Fjordane Ebnergi AS

*Ola Lingaas*

*for* Ole Schanke Eikum  
Konsernsjef

Ola Lingaas  
Produksjonsdirektør

Kopi:

EBL – Energibedriftenes Landsforening, Att: Snorre Lamark, Pb 7184 Majorstua, 0307 Oslo.  
BKK Produksjon AS, Att: Wenche Teigland, Postboks 7050, 5020 Bergen